



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	11.09.2018
Tid:	13:30 – 19:30

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Arnulf Goksøyr	H
Olaug Andreassen	Reidun S Myrvågnes	AP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl-Martin Møller
Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy
Kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Leiar NAV Herøy Jarle Stordal

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Solveig Båtsvik og Ann-Kathrin (Tine) Storøy

Varaordførar Camilla Storøy leia møtet i ordføraren sitt fråvær.

Ordfører Arnulf Goksøy kom til møtet kl 14:50, etter handsaming av F-sak 155/18.
Bjørn Otterlei fekk permisjon frå kl. 14:50, etter handsaming av F-sak 155/18.
Camilla Storøy fekk permisjon frå kl. 16:55, etter handsaming av F-sak 153/18.

F-sak 154/18 og 155/18 vart handsama først – dei andre sakene i oppsett rekkefølge.

F-sak 164/18: «Samarbeid om skatteinnkrevjing mellom kommunane Herøy, Ulstein og Vanylven – Godkjenning av vertskommuneavtale.» - vart samrøystes sett på saklista.

Orienteringar:

- Presentasjon av kommunekompass-evalueringa v/Håvard Moe frå KS.
- Høyringsuttale til skulebruksplan 2019-2020 - Vanylven.
- Ordføraren orienterte om tenestesamarbeid mellom Herøy, Ulstein og Vanylven kommunar. Referat frå møte 28.08.2018 mellom Herøy og Ulstein kommunar om tenestesamarbeid og referat frå møte 06.09.2018 mellom Herøy, Ulstein og Vanylven kommunar om tenestesamarbeid vart delt ut.
- Interkommunalt samarbeid v/rådmannen
- Rådmannen svara på spørsmål frå Kjell Runde om bruk av advokattenester.

underskrifter

Solveig Båtsvik

Arnulf Goksøy
ordfører

Ann Kathrin (Tine) Storøy

PS 146/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og saklista med F-sak 164/18 som ekstrasak.

PS 147/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 148/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 149/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 150/18 BUDSJETTKONTROLL PER 31.07.2018

Møtebehandling:

Kommunalsjef Renathe Rossi-Kaldhol møtte og svara på spørsmål.

Per Kristian Furø (Ap) kom med slikt framlegg:

1. Formannskapet er uroleg for den økonomiske situasjonen i 2018.
2. Formannskapet vil be om at det vert gjennomført ei streng prioritering når det gjeld kjøp av varer og tenester, samt tilsettingar.

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 5 mot 4 røyster. Dei 4 røysta for framlegget frå Per Kristian Furø (Ap).

Vedtak i Formannskapet - 11.09.2018

1. Formannskapet er uroleg for den økonomiske situasjonen i 2018 og vil på nytt be om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
2. Formannskapet vil også be om at det vert gjennomført ei streng prioritering når det gjeld kjøp av varer og tenester.

PS 151/18 BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 - INVESTERINGSTILTAK ANLEGGSPROSJEKT

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Camilla Storøy (Krf) kom med framlegg om å stryke pkt. 1. i tilrådinga frå rådmannen.

Framlegget frå Camilla Storøy vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2019-2022 basert på ei årleg investeringsramme for anleggsprosjekt slik det framkjem i saka.

PS 152/18 BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 - INVESTERINGSPLAN FOR KOMMUNALE BYGG.

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte i saka.

Olaug Andreassen (Ap) kom med slikt framlegg:

Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2019-2022 basert på ei årleg investeringsramme for kommunale bygg slik det framkjem i saka.

Framlegget frå Olaug Andreassen (Ap) vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2019-2022 basert på ei årleg investeringsramme for kommunale bygg slik det framkjem i saka.

PS 153/18 KOSTRA 2017

Møtebehandling:

Saksprotokoll frå komite for helse og omsorg, komite for oppvekst, komite for næring, kultur og idrett og maritim og teknisk komite, vart utdelt.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Kommunestyret meiner at kommunen heller bør ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanperioden 2019-2022 enn å tappe det for ca 28,3 mill kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Kommunestyret ber difor om at det i samband med budsjettarbeidet vert gjort innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.

PS 154/18 KOMMUNEKOMPASSET 2018

Møtebehandling:

Håvard Moe frå KS møtte og svara på spørsmål.

Saksprotokoll frå arbeidsmiljøutvalet vart utdelt.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Kommunestyret er tilfreds med at evaluering etter Kommunekompasset viser at skåren i 2018 er 106 poeng høgare enn i 2016:

Kommunestyret meiner at Kommunekompasset er eit nyttig verktøy for organisasjonsutvikling og utvikling av forvaltningspraksisen i kommunen og ber om at det vert lagt fram ein revidert utviklingsstrategi for 2019 og 2020.

PS 155/18 KOMMUNEKOMPASSET. UTVIKLINGSSTRATEGI.

Møtebehandling:

Håvard Moe frå KS møtte og svara på spørsmål.

Saksprotokoll frå arbeidsmiljøutvalet vart utdelt.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Kommunestyret sluttar seg til tiltaksplanen i pkt 4.6 i vedlagde dokument.

PS 156/18 KOMMUNEBAROMETER 2018

Møtebehandling:

Saksprotokoll frå eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, komite for helse og omsorg, komite for oppvekst, komite for næring, kultur og idrett og maritim og teknisk komite, vart utdelt.

Rådmannen si tilråding med tilrådinga frå maritim og teknisk komite vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Kommunestyret meiner at analyser som Kommunebarometeret til Kommunal Rapport kan brukast til læring og refleksjon. Det må vurderast om det er ting som andre kommunar gjer og som vi også bør sjå på, for å kunne yte betre tenester til innbyggjarane.

Kommunestyret har lese Kommunebarometeret sine tal vedk. saksbehandling på tekniske tenester og samfunnsutvikling.

Kommunestyret finn ikkje heilt samsvar mellom tala i rapporten og tidlegare gitte opplysningar vedk. til dømes byggesak og behandlingstid.

Kommunestyret ber administrasjonen sjå nærare på dette slik at ein oppnår meir samanliknbare tal i åra som kjem.

PS 157/18 KRAFTIG AUKE I ØKONOMISK SOSIALSTØNAD - HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Kommunalsjef Renathe Rossi-Kaldhol og leiar NAV Herøy Jarle Stordal møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Kommunestyret tek orienteringa til vitande og ber NAV i samarbeid med andre kommunale sektorar følgje opp tiltaka i tiltakslista.

Behov for auka ressursar vert å ta opp i samband med budsjettarbeidet for 2019.

PS 158/18 FV 654 SKARABAKKEN – VIDAREFØRING AV GANGVEG

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Herøy kommunestyre er positiv til å utvide prosjektet i Skarabakken og ber administrasjonen om å gå i dialog med Møre og Romsdal fylke, Statens vegvesen og entreprenør for å finne gode og rimelege løysingar som sikrar dei mjuke trafikantane.

Ein avtale med Møre og Romsdal fylke skal leggest fram for formannskapet for godkjenning og ordførar får fullmakt til å signere etter slik politisk godkjenning ligg føre.

Tiltaket vert å finansiere med midlar som tidlegare er satt av til trafikktrygging.

PS 159/18 GRAVPLASSANALYSE FOR BERGSØYA OG LEINØYA

Møtebehandling:

Per Kristian Furø reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styreleiar i sameiget Flusund. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Per Kristian Furø vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, FL § 6 e.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Herøy kommunestyre vedtek at det vert utarbeidd ei gravplassanalyse for Bergsøya/Leinøya slik det går fram av saka. Norconsult AS vert vald som konsulent for arbeidet.

Gravplassanalysa vert finansiert ved å redusere rammeløyving til Herøy kyrkjelege fellestråd.

PS 160/18 MYKLEBUSTÅSEN BUSTADFELT - SØKNAD OM TILSKOT OG AVGIFTSMODELL FOR MOMSREFUSJON

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

1. Det vert gitt eit tilskot på 750.000 kroner til tidlegare opparbeidde avlaupsleidningar.
Beløpet vert finansiert ved bruk av bunde driftsfond avlaup og vert utbetalt etter ferdigstilling og overlevering av anlegga til kommunen.
2. Søknaden om tilskot til bygging av veg 2 på 8 mill. kroner eks.mva. vert ikkje imøtekomen.
3. Søknaden om tilskot til utbygging hovudkloakk vert imøtekomen med inntil 2 mill. kroner. Tilskotet er knytt til naudsynt utbygging av avlaupsnett utanfor det regulerte området som er omfatta av utbyggingsavtalen. Beløpet vert finansiert ved bruk av bunde driftsfond avlaup og vert utbetalt over 2 år etter ferdigstilling og overlevering av anlegga til kommunen.
4. Herøy kommunestyre godkjenner at justeringsretten for refusjon av mva vert nytta i denne saka og at kommunen sin del av årleg refusjon vert i tråd med prinsippvedtaket i K-sak 12/16 med fordeling av momsrefusjonen kommunen/utbyggjar 30/70.

PS 161/18 PROSJEKT 70043 - EGGESBØVEGEN 1 - MILJØSANERING OG RIVING - ØKONOMISK AVSLUTNING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

1. Kommunestyret vedtek økonomisk avslutning av prosjekt 70043 - Eggesbøvegen 1 - miljøsanering og riving.
2. Prosjektrekneskapan vert godkjent og avslutta med eit totalforbruk på kr. 212 512,75 inkl. mva. og eit mindreforbruk på kr. 87 487,25.
3. Kommunestyret vedtak å belaste ubunde kapitalfond med den reelle projektkostnaden.

PS 162/18 REGLEMENT FOR ELDRERÅDET I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Saksprotokoll frå eldrerådet vart utdelt.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Reglement for Eldrerådet vert vedteke slik det ligg føre.

PS 163/18 SØKNAD OM STARTLÅN OG TILSKOT TIL ETABLERING OG TILPASSING

PS 164/18 SAMARBEID OM SKATTEINNKREVJING MELLOM KOMMUNANE HERØY, ULSTEIN OG VANYLVEN - GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.09.2018

Herøy kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles skatteoppkrevjar for Herøy kommune (vertskommune), Vanylven kommune (samarbeidskommune) og Ulstein kommune (samarbeidskommune).

Rådmennene får delegert mynde til å gjere endringar i «Vertskommuneavtale om felles skatteoppkrevjar», som ikkje er av prinsipiell tyding.

PS 165/18 HØYRINGSUTTALE SKULEBRUKSPLAN 2019-2020 VANYLVEN

Møtebehandling:

Brev av 17.08.2018 frå Vanylven kommune vart delt ut.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 11.09.2018

Herøy formannskap støtter høyringsuttalen frå Vanylven kommune.

MØTET SLUTT!